

Forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket, Vestnes kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett av Vestnes kommunestyre xx. xx 20xx med heimel i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 52a, og forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrenning av forurensning (forurensningsforskriften) § 2-12 og § 11-4.

Kapittel 1 – Generelle bestemmelsar

§ 1-1. Forskrifta sitt formål

Forskrifta gir kommunen heimel til å dekke kostnadane ved saksbehandling, tilsyn og kontroll som kommunen har som forureiningsmynde etter forurensningsloven og forurensningsforskriften.

§ 1-2. Forskrifta sitt virkeområde

Forskrifta omfattar forhold der kommunen utøver mynde etter føresegner gitt i forurensnings-forskrifta sine kapittel 2, 12, 13, 15 og 15A.

Forskrifta omfattar gebyr for saksbehandling, tilsyn og kontroll med:

1. Opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid
2. Utslepp av sanitært avløpsvatn fra bustadhus, hytter og liknande
3. Utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbebyggelsar
4. Utslepp/påselepp av oljehaldig vatn
5. Påselepp av feitthaldig vatn

§ 1-3. Kva gebyra skal dekke

Gebyr etter denne forskrifta skal dekke kostnadane kommunen har med saksbehandling, kontroll og tilsyn på dei områda forskrifta omfattar, medrekna kontinuerleg dokument- og systemkontroll og stadlege tilsyn etter vurdering av behov.

Gebyra skal ikkje overstige kommunen sine kostnadar ved saksbehandling eller tilsyns- og kontrollordninga, berekna etter sjølvkostprinsippet.

Gebyrsatsar etter denne forskrifta er ein del av gebyrregulativet og blir vedteke av kommunestyret årleg.

§ 1-4. Virkeområde

Gebyr for kontrolltiltak kan fastsettast som årlege gebyrer, sjølv om kontrolltiltak for det enkelte anlegg eller tiltak vert gjennomført sjeldnare enn kvart år.

Gebyrplikt for årlege gebyr gjeld frå og med den betalingsterminen bruksløyve til anlegget mv. er gitt.

Gebyrplikt for årlege gebyrer opphøyrer frå og med betalingsterminen etter at anlegget er forskriftsmessig teke ut av drift.

§ 1-5. Innkreving

Saksbehandlingsgebyr skal betalast også ved avslag på søknad.

Gebyra er tvangsgrunnlag for utlegg.

Kommunen kan i særlege tilfelle fråfalle eller redusere krav om gebyr.

§ 1-6. Klage

Om det blir fatta enkeltvedtak i medhald av denne forskrifta, kan dette påklagast etter reglane i forvaltningsloven.

Kommunen si klagenemnd er klageinstans.

Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er påklaga.

Gebyrsatsar fastsett av kommunestyret er å sjå på som forskrift og kan difor ikkje påklagast.

Kapittel 2 – Gebyr for saksbehandling i samband med opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

§ 2-1. Virkeområde

Kapitlet gjeld gebyr for kommunen si saksbehandling i samband med opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid etter forurensningsforskriften kapittel 2.

§ 2-2. Gebyr for saksbehandling

Det skal betalast eit eingongsgebyr for saksbehandling ved søknad om godkjenning av tiltaksplan.

Gebyret kan differensierast etter areal.

Gebyret skal betalast av tiltakshavar

Kapittel 3. - Gebyr for saksbehandling og kontroll/tilsyn med utslepp av sanitært avløpsvatn

§ 3-1. Virkeområde

Kapitlet gjeld gebyr for kommunen si saksbehandling og kontroll/tilsyn av utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande (forurensningsforskriften kapittel 12)

§ 3-2.Saksbehandlingsgebyr for behandling av søknad

Det skal betalast eit eingongsgebyr for saksbehandling ved søknad om utsleppsløyve og ved søknad om endring av utsleppsløyve.

Gebyret skal betalast av tiltakshavar.

§ 3-3.Årsgebyr for kontroll/tilsyn av utslepp

Det skal betalast eit årlig gebyr for kontroll/tilsyn av eksisterande avløpsanlegg.

Gebyr skal betalast av eigar av avløpsanlegg.

Kapittel 4 – Gebyr for saksbehandling og kontroll med utslepp av kommunalt avløpsvatn fra mindre tettbebyggelsar

§ 4-1.Virkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for kommunen si saksbehandling og kontroll av utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbebyggelsar (forurensningsforskriften kapittel 13).

§ 4-2.Saksbehandlingsgebyr for behandling av søknad

Det skal betalast eit eingongsgebyr for saksbehandling ved søknad om utsleppsløyve og ved søknad om endring av utsleppsløyve.

Gebyret skal betalast av tiltakshavar.

§ 4-3.Årsgebyr for kontroll/tilsyn av utslepp

Det skal betalast eit årlig gebyr for kontroll/tilsyn av eksisterande avløpsanlegg.

Gebyr skal betalast av eigar av avløpsanlegg.

Kapittel 5 - Gebyr for saksbehandling og kontroll/tilsyn med utslepp/påsepp av oljehaldig avløpsvatn

§ 5-1.Virkeområde

Forskrifta gjeld gebyr for kommunen si saksbehandling og tilsyn/kontroll etter forureiningsforskrifta kapittel 15 og 15A:

- a. bensinstasjonar,
- b. vaskehallar for køyretøy,
- c. motorverkstadar,
- d. bussterminalar,
- e. verkstadar og klargjeringssentralar for køyretøy, anleggsmaskiner og skinnegåande materiell, og
- f. anlegg for understellsbehandling

som anten har vaskeplass, smørjehall, servicehall eller liknande.

§ 5-2.Saksbehandlingsgebyr

Det skal betalast eit eingongsgebyr for saksbehandling ved søknad om løyve til utslepp/påslepp av oljehaldig avløpsvatn.

Gebyret skal betalast av tiltakshavar.

§ 5-3.Årsgebyr for kontroll/tilsyn

Årsgebyr for kontroll/tilsyn skal betalast av eigar av anlegg.

Kapittel 6 – Gebyr for saksbehandling og kontroll av feitthaldig avløpsvatn

§ 6-1. Virkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for kommunen si saksbehandling av og kontroll/tilsyn med påslepp av feitthaldig avløpsvatn frå verksemd. Jamfør kapittel 15A i forurensningsforskriften.

§ 6-2. Saksbehandlingsgebyr for behandling av søknad

Det skal betalast gebyr for saksbehandling ved søknad om løyve til påslepp av feitthaldig avløpsvatn fra verksemd.

Gebyret skal betalast av tiltakshavar.

§ 6-3. Årsgebyr for kontroll/tilsyn

Det skal betalast eit årlig gebyr for kontroll og tilsyn av feittutskiljarar i drift.

Det vert rekna eit gebyr for kvar feittutskiljar.

Årsgebyr for kontroll og tilsyn skal betalast av eigar av feittutskiljar.

Kapittel 7 – Ikraftsetjing

§ 7-1. Ikraftsetjing

Forskriften trer i kraft fra dd. mmmm 20xx.